



VINDAFJORD KOMMUNE

Møteprotokoll

Utval:	Vilt- og fiskeutvalet
Møtestad:	Teknisk bygg, Østbøvegen 2, 5580 Sandeid, 2. etasje
Dato:	21.04.2026
Tid:	Kl. 12:15 - 14:00

Følgande medlemmer møtte	Parti
Samland, Vidar	-
Berge, Geir Erik	H
Harald Olav Stuhaug	SP
Undine Hamre Tindeland	SP
Østbø, Siv Bente Stople	SP

Merknader til innkallinga: Ingen

Merknader til sakslista: Ingen

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
001/26	Referatsaker
002/26	Orienteringssaker
003/26	Fastsetting av fellingsavgifter for hjort i forskrift
004/26	Høyring - Forslag til nye forskrifter og endringer i utvalde forskrifter på viltområdet i samband med ikraftsetting av viltressurslova
005/26	Kvotefri jakt på hjortekalv 2026 - søknad om dispensasjon frå § 18 i hjorteviltforskrifta

001/26 Referatsaker

Skriva og meldingane vert tekne til orientering.

21.04.2026 Vilt- og fiskeutvalet

Behandling

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart vedtatt samrøystes med 5 av 5 røyster.

VILT - 001/26 Vedtak:

Skriva og meldingane vert tekne til orientering.

002/26 Orienteringssaker

Orienteringssakene vert tekne til etterretning.

21.04.2026 Vilt- og fiskeutvalet

Behandling

Møtesekretæren orienterte om fellingsresultata frå hjorte- og rådyrjakta 2025. Utvalet ønsker informasjon om fellingsresultata samtidig med rapporteringa til SSB.

Leiar foreslo å arrangere eit fagmøte med tema hjort med eksterne ressurspersonar, t.d. til hausten/vinteren. Utvalet var samde om å jobbe vidare med dette.

Utvalet var samde om at administrasjonen kan handsame søknadar om tilskot frå viltfondet til mindre beløp, som t.d. dekking av deltaking på fagwebinar, fortløpande.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart vedtatt samrøystes med 5 av 5 røyster.

VILT - 002/26 Vedtak:

Orienteringssakene vert tekne til etterretning.

003/26 Fastsetting av fellingsavgifter for hjort i forskrift

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vindafjord kommunen sender ut til høyring framlegg til nytt punkt 3 om fellingsavgifter for hjort, der fellingsavgiftene er fastsette som kronebeløp og med følgjande satsar:

Vakse dyr	kr. 360
Kalv	kr. 160

21.04.2026 Vilt- og fiskeutvalet

Behandling

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart vedtatt samrøystes med 5 av 5 røyster.

VILT - 003/26 Vedtak:

Vindafjord kommunen sender ut til høyring framlegg til nytt punkt 3 om fellingsavgifter for hjort, der fellingsavgiftene er fastsette som kronebeløp og med følgjande satsar:

Vakse dyr	kr. 360
Kalv	kr. 160

004/26 Høyring - Forslag til nye forskrifter og endringar i utvalde forskrifter på viltområdet i samband med ikraftsetting av viltressurslova

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vindafjord kommune gir følgjande uttale:

1. Utøvingsforskrifta § 29a – hjort:

Dersom det skal opnast for bruk av restlysforterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort, støttar kommunen at det ikkje vert eit generelt unntak, men at det vert krav om søknad med dokumentasjon. Kva ein søknad må innehalde og krava til dokumentasjon bør komme tydelegare fram, t.d. i kommentar til forskrifta eller i rettleiar til forskrifta.

2. Utøvingsforskrifta § 29a – raudrev:

Kommunen har ei bekymring om at det kan verte vanskelegare å kontrollere og avdekke ulovleg bruk av termiske siktemiddel under jakt på hjort, dersom det vert innført eit generelt unntak for jakt på rev.

3. Viltforskrifta § 7-3a - Sakshandsamingsreglar ved inndraging

Paragrafen er tydeleg og klargjerande. Kommunen støttar framlegget.

21.04.2026 Vilt- og fiskeutvalet

Behandling

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart vedtatt samrøystes med 5 av 5 røyster.

VILT - 004/26 Vedtak:

Vindafjord kommune gir følgjande uttale:

1. Utøvingsforskrifta § 29a – hjort:

Dersom det skal opnast for bruk av restlysforterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort, støttar kommunen at det ikkje vert eit generelt unntak, men at det vert krav om søknad med dokumentasjon. Kva ein søknad må innehalde og krava til dokumentasjon bør komme tydelegare fram, t.d. i kommentar til forskrifta eller i rettleiar til forskrifta.

2. Utøvingsforskrifta § 29a – raudrev:

Kommunen har ei bekymring om at det kan verte vanskelegare å kontrollere og avdekke ulovleg bruk av termiske siktemiddel under jakt på hjort, dersom det vert innført eit generelt unntak for jakt på rev.

3. Viltforskrifta § 7-3a - Sakshandsamingsreglar ved inndraging
Paragrafen er tydeleg og klargjerande. Kommunen støttar framlegget.

005/26 Kvotefri jakt på hjortekalv 2026 - søknad om dispensasjon frå § 18 i hjorteviltforskrifta

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vindafjord kommune vedtar å ikkje søke om løyve til å tildele kvotefri jakt på hjortekalv for jaktåret 2026/2027.

21.04.2026 Vilt- og fiskeutvalet

Behandling

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart vedtatt samrøystes med 5 av 5 røyster.

VILT - 005/26 Vedtak:

Vindafjord kommune vedtar å ikkje søke om løyve til å tildele kvotefri jakt på hjortekalv for jaktåret 2026/2027.